

Wår og sommar i barnehagen


TEKSTTIPS FRÅ NYNORSKSENTERET




BØKER




Den store boka om
frosken og vennene
Max Velthuijs



Gjermund Gjerdesmett
og andre føykne fuglar
Lisbeth Dreyer og Per
Ragnar Møkleby



Bålet
Trude Tjensvold




I skogen
Tetiana Kosovska




Ylva og villgeitene
Hilde Myklebust
og Akin Duzakin



Ørn
Martine Grande



Leit og finn i Vrimleby
vår
Rotraut Susanne
Berner



Kåre og Marimba
hjelper til
Markus Lantto og
Camilla Kuhn

NATUREN SOM SPRÅKARENA

nynorsksenteret.no/blogg/naturen-som-sprakarena-nokre-tips

Her finn du ein inspirerande tekst av Skrivesenteret og Nynorsksenteret om korleis ein kan arbeide med utforsking, leik og språk ute i naturen.



SONGAR



Nynorske songar, rim og regler

På nynorsksenteret.no/barnehage/musikk-rim-og-regler er det mange tips til songar, rim og regler som passar både inne og ute. Der finn du også fleire inspirasjonsfilmar og lydfiler.



Vennskapssongen Kom som du er

Bli med på å syngje og danse ein heilt ny nynorsk vennskapssong! Her finn du video med tekst og danserørsler: nynorsksenteret.no/kom
Songen er i utgangspunktet laga for skuleelevar, men dei eldste i barnehagen vil også ha glede av han. Berre kom som du er!

Berre kom som du er.
Vi kan gråte, vi kan le,
eg vil vere der for deg same kva.

Så kom som du er.
Om du har det vanskeleg,
kan du lene deg på meg kvar ein dag.
Ja, kom som du er.



Skal de ut på tur – over Storemyr?

Her finn de ein kort video der Unni Løvlid syng eit vers om ein tur over Storemyr. Denne songen er enkel å lære og perfekt å syngje når de er ute og går på tur:
<https://www.youtube.com/watch?v=KCTAo9ezexo>

Eg gjekk meg ein tur over Storemyr
Eg kom i så stor ein fare
Eg møtte to føle, ville dyr
Eit ekorn og ein hare

FEM SMAÅ APEKATTAR

Fem små apekattar sat oppi eit tre (Hald fram fem fingrar)
Dei erta krokodilla, du kan ikkje ta meg her!
Så kom krokodilla, så diger og så svær. (Lag krokodillegap med armane)
GLEFS!!!

Fire små apekattar sat oppi eit tre ... (Hald fram fire fingrar) Osb.

Engelsk originalversjon: «Five little monkeys swinging in a tree»

